



Jnr. 1253.09
GJG/rr

Miljøverndepartementet
Postboks 8013
0030 Oslo

Høyring på forslag til statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen - uttale

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er regionrådet for kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Ordførarane og rådmennene utgjer rådet.

I møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland 4. september drøfta ein høyringsforslaget til statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

- 1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland krev at kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes vert strokne frå pkt 4.3 i framtidige statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.**
- 2. Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og kommunane i Sunnhordland startar arbeidet med Interkommunal plan for forvaltning av strandsona i Sunnhordland umiddelbart.**
- 3. Samarbeidsrådet for Sunnhordland støtter og opp om uttalen som er gjeven frå KS Hordaland.**

Bakgrunn:

I forslaget som ligg frå departementet er alle Sunnhordlandskommunane, utanom Etne, plassert i den delen av retningslinene som skal behandlast på same måten som Oslofjordregionen. Bakgrunn for denne vurderinga er at desse kommunane er plassert nær større byar og difor er utsett for eit tilsvarende utbyggingspress som kommunane i Oslofjordregionen.

Denne vurderinga kjenner vi oss ikkje igjen i og meiner og å kunne dokumentera at utbyggingspresset i Sunnhordlandsregionen ikkje kan samanliknast med Oslofjordregionen. Her syner vi m.a. til at Sunnhordland har ei kystline på 3.571 km og at det i perioden 1985-2004 berre vart utbygd 2,3 % av denne kystlina. I tillegg meiner vi å kunne dokumentera gjennom oversiktsbilete av strandsona i Sunnhordland at nedbygging på langt nær er komen like langt her som i Oslofjorden.

Den demografiske utviklinga i Sunnhordland peiker heller ikkje i ei retning som tyder på at utbyggingspresset vil auka i åra som kjem. Snittalderen på befolkninga i regionen vil auka i åra som kjem og talet på innbyggjarar vil etter kvart gå nedover. For lokalpolitikarane i regionen utgjere denne utviklinga den aller største utfordringa i åra som kjem.

Lokalpolitisk er det overmåte viktig at alle ressursar vert tekne i bruk for å snu ei negativ utvikling, slik at heile landet vert teken i bruk. Dette meiner vi godt let seg gjera, utan at dette vil gå utover mangfaldet i naturen, landskaps-/kulturverdiar eller tilgongen for allmenta i strandsona. Nøkkelen ligg,

slik vi ser det, i å gjennomføra gode planprosessar, slik at innbyggjarane i Sunnhordland får eit eigarforhold til vedtekne planar og tek eit ansvar for fellesskapet i eit berekraftig perspektiv.

For at statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona skal kunne ha ein viss legitimitet i befolkninga er det vårt syn at bakgrunn og grunngeving for den geografiske inndelinga i retningslinene vert forstått. Den føreslegne inndelinga bidreg ikkje til ei slik forståing og må difor endrast til at alle sunnhordlandskommunane vert trekt ut frå forslaget pkt 4.3.

Vedteken strandsonestrategi for Sunnhordland (vedteken i alle 8 kommunar desember 2008) er i desse dagar konkretisert i eit prosjekt i samarbeid med fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune, der den eine ambisjonen er å utarbeida ein interkommunal plan for strandsona i Sunnhordland og den andre er å styrka planarbeid som politisk verkty.

Bakgrunn for denne saka var m.a. at det ved fleire høve hadde vore drøfta internt i Sunnhordlandsregionen kor vanskeleg det er å få til ønska utvikling i strandsona og at det var ønskjeleg å koma over i ein praksis der strandsona, i tråd med lange tradisjonar, igjen skulle kunne nyttast til styrking av næringsgrunnlaget i Sunnhordland og sikra busetjing i lokalmiljøa.

Sunnhordland, 4 september 2009

Med helsing

Jorunn Skåden
styreleiar

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar